

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
201520783Oppdragsnr
2015057

| Matrikkeletat | | | | |
|----------------|------|---------|--------|----------|
| Kommune | K.nr | Adresse | Postnr | Poststad |
| Meland kommune | 1256 | PB. 79 | 5906 | Frekhaug |

| Matrikkeleining | | | | | |
|-----------------|-----|-----|-----|-----|-------------------------------------|
| Gateadresse | Gnr | Bnr | Fnr | Snr | Registrert eigar/festar |
| Solberget 7 | 1 | 3 | 0 | 0 | FLATØY JOHAN HENRIK (Hjemmelshaver) |

Om oppmålingsforretninga

| Forretninga avvikla: | Dato | Kl | Stad |
|-------------------------|------------|-------|--------------|
| | 27.01.2016 | 09.30 | På parsellen |

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

Grunneigedom Festegrund Anleggseigedom Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

Grensejustering Klarlegging av eksisterande grense Nymerking av eksisterande grense Registrering av ureg. jordsameige Matrikulering av umatrikulert grunn

Arealoverføring Anna

Forklaring
Frådeling av tilleggsareal til 1/269,336 frå 1/3.

| Saks- behandling | Løyvedato | Dato for fullstendig rekvisisjon | Pårekna dato for fullført matrikulering |
|----------------------------------|------------|----------------------------------|---|
| | 20.11.2015 | | |
| Rekvirent FLATØY JOHAN HENRIK | | | Rekvisisjonsdato |

Habilitet

Landmålaren sitt namn
Per Atle Sæle

Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.

Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? Nei Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varsalet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt fram møte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

| | Forklaring | Journalpost nr | Vedlegg nr | Urelevant |
|--|------------|----------------|------------|-----------|
| Søknad etter pbl | | | | X |
| Vedtak (tillatelse) etter pbl | | | | X |
| Rekvisisjon av oppmålingsforretning | | | | X |
| Varsel om oppmålingsforretning | | | | X |
| Situasjonskart og situasjonsplan | | | | X |
| Konsesjonsdokument | | | | X |
| Servitutt | | | | X |
| Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter | | | | X |
| Avtaler | | | | X |

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

| Pkt.nr | Type merke | Status | Punkt godkj. av partane | Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.) | Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.) |
|--------|--|----------------------|-------------------------|--|--|
| 269-1 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell | Gjenfunnet og nymålt | | | |
| 165-1 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell | Nytt grensemerke | | | |
| 165-2 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell | Nytt grensemerke | | | |
| 165-3A | Gjerdestolpe Nedsatt i: Fjell | Gjenfunnet og nymålt | | | |
| 97-1 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell | Gjenfunnet | | | |
| 165-4 | Kors Nedsatt i: Fjell | Gjenfunnet og nymålt | | | |
| 165-5 | Kors Nedsatt i: Fjell | Gjenfunnet og nymålt | | | |

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 20.11.2015 godkjent arealoverføring av omlag 660 m2 frå gnr 1 bnr 3 til gnr 1 bnr 269, administrativt vedtak saknr: 418/2015.

Oppmålingsforretning vart halde 27.01.2016. Ved forretninga møtte Johan Henrik Flatøy for gnr 1 bnr 3, Sigrid og Terje Odland for 1/269 og 1/336. Eigiar av 1/165 Steinar Rosslund kom kl 1045. I tillegg til dei fram møtte var også eigiarar av 1/97, 146 og 287 varsla, men møtte ikkje.

Ved forretninga vart eksisterande grense mot 1/287 og 1/336 påvist. Grensa utover i sjøen mot 1/287 held fram i forlenginga av grensa på land så langt den private eigedomsretten går. Grensene er tidlegare oppmålt i samband med kart- og delingsforretning. Når 1/336 vart frådelt i 1993 vart også grensa til 1/97 klarlagt og oppmålt. Det vart då sett ned eit nytt grensemerke i fjell i berghammaren, grensepunkt 97-1. Grensemerket vart påvist, men er ikkje nymålt ved denne forretninga. Kommunen legg til grunn målingane frå 1993 på dette punktet.

Grensa mot 1/165: Her vart det sett ned to nye grensemerker i sjøkanten, grensepunkt 165-1 og 165-2. Grensa held fram i forlenginga av denne grenselina utover i sjøen så langt den private eigedomsretten går. Steinar Rosslund påviste gamal gjerdestolpe i grensa mot 1/97 som 1/165 si nord-vestre grense, grensepunkt 165-3A. Vidare påviste han to gamle krossar i fjell i grensa mot 1/166, grensepunkt 165-4 og 165-5. Kommunen har målt inn desse punkta og retta opp grenselina. Eigiar av 1/166 var ikkje innkalla til oppmålingsforretninga, men vil få tilsendt protokollen frå oppmålingsforretninga pga at to av grensepunkta mot 1/166 er nymålt og retta i matrikkelkartet.

Arealet som skal overførast frå gnr 1 bnr 3 til gnr 1 bnr 269 ved arealoverføring er oppmålt og utrekna til 642,7 m2. Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillende krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

Eigiarar av 1/269 og 1/336 ønske å slå saman dei to bruksnummera til 1/269. Kommunen har matrikkelført samanslåinga. Før kommunen kan matrikkelføra arealoverføringa og senda melding til tinglysing, må eigiar av 1/3 og eigiarar av 1/269 fylla ut skjema "Erklæring om arealoverføring" i to eksemplar og returnera til kommunen. Arealet som skal overførast må også vera heftefritt. Eigiar av 1/3 må ordna med pantefråfall.

Når arealoverføringa er tinglyst, vil kommunen skriva ut nytt matrikkelbrev for heile 1/269 som vert sendt eigiar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

Gebyr for arbeid etter matrikkellova vert sendt eigiar av 1/269.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

| | | |
|----------|------------|--|
| Sted | Dato | Underskrift |
| Frekhaug | 01.02.2016 |  |

| Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga) | | | | |
|--|--|------------|-----------------|-------------|
| Relevant | Dokumenttype | Forklaring | Journalpost nr. | Vedlegg nr. |
| | Partsliste | | | |
| | Beregningsdokumentasjon | | | |
| | Fullmakt | | | |
| | Avtaler | | | |
| | Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte) | | | |
| | Arealregnskap | | | |
| | Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering | | | |
| | Partspåstander | | | |
| | Forlik/voldgift | | | |
| | Kartvedlegg til protokoll | | | |